



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Rune Johan Mikkelsen, 5557 2181

Vår dato
27.04.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/777 520
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Tilskot til skogkultur i 2015

I tråd med *Fullmaktsbrev 2015* frå Landbruksdirektoratet er budsjettet 1,5 millionar til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Fylkesmannen må kvart år fordele midlane til kommunane. Fordelinga skjer på grunnlag av tidlegare års aktivitet og venta behov.

Satsane for tilskot vert fastsett av kommunane og elektronisk registrert i *Økonomisystemet for Skogordningene (ØKS)*. Fylkesmannen har kvart år tilrådd % satsar for tilskot og maksimale arbeidskostnader som grunnlag for utbetaling av tilskot. I 2014 vart midlane brukt opp før alle søknadene om tilskot vart handsama i kommunane. I lys av auka hogstareal kvart år og uendra budsjетtramme (1,5 millionar), tilrår Fylkesmannen at kommunane reduserer satsane for tilskot. Av budsjетtramma vert mest tilskot utbetalt til *planting etter hogst*, kommunane må vurdere å redusere tilskotssatsen til dette føremålet.

Skogfond

Tilskot til skogkultur i Hordaland har i gjennomsnitt vore på over 60 %. I Noreg (inklusive Vestlandet) er gjennomsnittleg tilskot på 16 %. For finansiering utover tilskotsandelen er bruk av skogfond med skaffefordel ei sær s lønsam ordning. I samband med planlegging av hogst vil det framover vere sær viktig å avsetje *tilstrekkeleg* til skogfond. I praksis vert ofte lågaste sats (4 %) satt av. Lågaste sats vil ikkje vere nok til å finansiere framtidig skogkulturbehov på hogstarealet. Truleg er minst 10 % skogfond naudsynt med lågare tilskotssatsar.

Fylkesmannen vil oppmode kommunane og tømmerkjøparane om å informere skogeigarane om tilstrekkelig skogfondstrekk i høve framtidig behov.

Vedlagt forslag til tilskotssatsar og arbeidskostnader for skogkultur. Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå alle kommunane om dette vert nytta før registrering i ØKS.

Frist 15. mai 2015.

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Rune Johan Mikkelsen
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Adresseliste

Askøy kommune	Postboks 323	5323	KLEPPESTØ
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	Rosendal
Sund kommune	Postboks 23	5371	Skogsvåg
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	Uggdal
Ullensvang herad	Heradshuset	5780	Kinsarvik
Etne kommune	Postboks 54	5591	ETNE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	Fitjar
Fjell kommune	Postboks 184	5342	Straume
Granvin herad	Postboks 13	5733	Granvin
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	Lonevåg
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	Austrheim
Meland kommune	Postboks 79	5906	Frekhaug
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	Tysse
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Odda kommune	Opheimgata 31	5750	Odda
Stord kommune	Postboks 304	5402	Stord
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	Norheimsund
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgate 16	5722	Dalekvam
Voss kommune	Postboks 145	5701	Voss
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	Bergen
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	Eidfjord
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	Fedje
Jondal kommune	Kommunehuset	5627	Jondal
Fusa kommune	Postboks 24	5649	Eikelandsosen
Modalen kommune	Postboks 44	5729	Modalen
Os kommune	Postboks 84	5202	Os
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	Manger
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	Storebø
Masfjorden kommune	Kommunehuset	5981	MASFJORDNES
Sveio kommune	Postboks 40	5559	Sveio
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	Ulvik

Kopi:

Nortømmer AS

Vestskog SA

Vedlegg

Rettleiande tilskotssatsar og kostnadsgrenser for bruk av NMSK midlar (skogkultur)

Hovudkode	Tilskot	Merknad
011 Gjødsling fastmark	25 %	Førehandsgodkjenning av kommunen
100 Flaterydding	80 %	Ved 1. gongs etablering av kulturskog. Krav om førehandsgodkjenning
101 Markberedning	80 %	Over 10 daa krev førehandsgodkjenning av kommunen
104 Felling nyttbart lauv	400 kr / daa	Ved uttak av nyttbart lauvvirke
110 Plantekjøp – høy sats	80 %	Skogreising / treslagsskifte
110 Plantekjøp – ordinær	30 %	Etter hogst av kulturskog
120 Plantearbeid – høy sats	80 %	Skogreising / treslagsskifte
120 Plantearbeid – ordinær	30 %	Etter hogst av kulturskog
130 Suppleringsplanting	80 %	Krav om førehandsgodkjenning av kommunen
132 Mekanisk etterarbeid	80 %	I hogstklasse I og II
133 Avstandsregulering	80 %	I hogstklasse I og II

Hovudkode	Anbefalte maksimalkostnader
011 Gjødsling fastmark	200 kr / daa (flekvis) eller 400 kr / daa (flate)
100 Flaterydding	600 kr / daa
101 Markberedning	500 kr / daa
104 Felling nyttbart lauv	500 kr / daa
120 Plantearbeid	3,0 kr / stk.
130 Suppleringsplanting	4,0 kr / stk.
132 Mekanisk etterarbeid	600 kr / daa
133 Avstandsregulering	600 kr / daa

Om høgare arbeidskostnader vert likevel ovanfor maksimalkostnader lagt til grunn for utbetaling av tilskot. Høgare kostnader vert ikkje akseptert som grunnlag for tilskot.